



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

23/922-

27. april 2023

Svar på skriftleg spørsmål nr. 1998 frå stortingsrepresentant Frank Edvard Sve til samferdselsminister Jon-Ivar Nygård

Eg viser til brev av 20. april 2023 frå Stortingets president med spørsmål til skriftleg besvarelse frå stortingsrepresentant Frank Edvard Sve.

Spørsmålet lyder: Kan samferdselsministeren leggje fram ei liste som dokumenterer medgåtte kostnader for planlegging av disse omtalte prosjekta i Møre og Romsdal utanom Møreaksen, som utbyggingsdirektøren i Statens vegvesen viser til, fordelt pr prosjekt dei 5 siste åra?

Svar: Nedanfor er ei oversikt over midlar som er nytta av Statens vegvesen til utgreiing, planlegging og prosjektering av dei prosjekta som var nemnde i artikkelen i avisa Tidens Krav 18. april 2022. Statens vegvesen har også planlagt og prosjektert fleire andre prosjekt i denne perioden, mellom anna på den delen av E136 som Nye Veier AS no har utbyggingsansvar for, prosjekt som no er under utbygging og prosjekt som fram til 2020 låg i Møre og Romsdal (nå Trøndelag).


Tala er vist for dei fem åra 2018-2022, det vil seie til og med siste avlagde heilårsrekneskap.

E39 Ålesund-Molde er prioritert i Nasjonal transportplan 2022-2033. Regjeringa vil legge fram sitt forslag til Nasjonal transportplan 2025-2026 våren 2024.

Prosjekt	Kommune	Plantype	Kostnader 2018-2022 (løypande millionar kroner)
E39 Volda-Furene	Volda	Reguleringsplan og omregulering av reguleringsplan	10,8
E39 Liadal	Ørsta	Reguleringsplan	6,3
E39 Veibustkrysset	Sula	Reguleringsplan	0,9
E39 Vegsund-Brevika	Ålesund	Kommunedelplan	13,9
E39/E136 Brevika-Digernes	Ålesund	Kommunedelplan (ble startet som reguleringsplan)	35,8
E39/E136 Digernes-Ørskogfjellet	Ålesund	Reguleringsplan	
E39 Ørskogfjellet-Vik	Vestnes	Reguleringsplan	16,2
E39 Vik-Julbøen	Vestnes og Molde	Omregulering av reguleringsplan og optimalisering	198,8
E39 Julbøen-Molde	Molde	Reguleringsplan	
E39 Bjerkeset-Astad	Gjemnes	Reguleringsplan	10,3
E136 Brevika-Lerstad *	Ålesund	Reguleringsplan	2,7
Rv. 70 Falebrua og Romfobrua	Sunndal	Reguleringsplan og prosjektering	21,1
Rv. 70 Rensvikkrysset	Kristiansund	Reguleringsplan	9,0
Rv. 70 Vikansvingen-Kontrollplassen	Kristiansund	Reguleringsplan	
E39 Furene-Vegsund (Hafast)	Volda, Ørsta, Ulstein, Hareid og Sula	Forprosjekt	525,2
E39 Øygarden-Betna (Halsafjorden)	Tingvoll og Heim (tidlegare Halså)	Forprosjekt	

* Under bygging.

Med helsing



Jon-Ivar Nygård